



Kontingentutvalet 2020

Oppsummering og innstilling

15. februar 21

1. Innleiing	3
2. Oppsummering	3
Kontingentmodell	3
Personopplysningslov	4
Sentral innkrevjing.....	4
3. Kontingentutvalet	4
Mandat.....	4
Medlemmer	5
Tidsplan	5
Arbeidsmetode.....	5
4. Kontingentsatsar	6
NU sentralt.....	6
Kontingentutrekning	6
Fylkeskontingentsatsar	6
Lokallagskontingentar	7
Medlemsstatistikk	7
Medlemstal i lokallaga.....	7
Aldersfordeling	8
Kontingentstatistikk	9
Gjennomsnittleg kontingent etter storleik.....	9
Kontingent i andre organisasjonar	11
4H	11
Noregs Husflidslag.....	11
Forbundet Kysten	11
Norges Bygdeungdomslag.....	11
Alternative kontingentmodellar	12
Flat kontingentsats 1 – uendra totalinntekt	12
Flat kontingentsats 2 – ”Frilynt-modellen”	12
Halvvert kontingent	13
Trappetrinnsmodell.....	14
Kompensere inntektsbortfall	15
Ny personopplysningslov	15
Bakgrunn og regelverk	15
Konsekvensar for NU og lokallag.....	16
Sentral innkrevjing	17
Fordelar.....	17
Ulemper.....	17
Framlegg.....	17

1. Innleiing

Denne utgreiinga er oppsummering av arbeidet til Kontingentutvalet i NU.

Basert på utgreiinga ber vi fylkes- og lokallag kome med høyringsinnspel til følgjande:

- 1) Kontingentmodell
 - a. Bør NU behandle dagens kontingentmodell med ein kontingentsats på 195 kr for vaksne, og 95 kroner for barn og ungdom opp til 26 år, eller
 - b. Gå over til ein trappetrinnsmodell, der kontingenten til lokallaga er fast innanfor visse medlemstalsintervall, og laga ikkje betaler meir for fleire medlemmer innanfor dette intervallet.
- 2) Sentral innkrevjing av kontingent
Bør NU tilby fylkes- og lokallag ei sentral innkrevjingsordning, slik at innmelding og betaling blir registert i eit sentralt system, og NU betaler ut samla kontingentbeløp til laget?
- 3) Personvernlovgivinga stiller strenge krav til innsamling, samtykke og lagring av personopplysningar i eit medlemsregister.
 - a. Meiner de at laget har god kontroll på personopplysningar?
 - b. Har de ein ansvarleg som følgjer opp at opplysningane er rett registert og blir sletta når dei ikkje lenger er relevant?
 - c. Treng de meir informasjon eller rutinar om korleis de skal handtere personopplysningar?

2. Oppsummering

Kontingentmodell

Vi har ikkje ein eintydig konklusjon om vi bør endre dagens kontingentmodell.

Samanlikna med andre organisasjonar har vi ein relativt låg medlemskontingent. Endring av denne modellen vil føre til ein vesentleg nedgang i kontingentinntektene. Dagens modell oppfyller både kravet til økonomi og at han er enkel.

Ein annan kontingentmodellen som oppfyller dette er ein trappetrinnsmodell. Denne er

- Enkelt å forstå
- Mindre avhengig av medlemstal
- Kan motivere fleire lag til å melde seg inn
- Kan motivere laga til å registrere og betale for fleire aktive deltakarar
- Eit inntektsbortfall på 263.000 kr kan vere handterbart innanfor eit budsjett.

Slik vi har rekna på det vil dei fleste laga får ein nedgang i kontingent. Nokre få lag med mange medlemmer under 26 år får ein nok auka kontingent.

Det er viktig at lokal- og fylkeslag kjem med innspel til korleis dei ønskjer ein framtidig kontingentmodell.

Utvalet foreslår ikkje å gjere noko med fylkeslagskontingenten. Dette må vere opp til kvart fylkeslag å bestemme.

Vi har ikkje sette på lokallagskontingentar, då dette er opp til lokallaga å fastsette.

Personopplysningslov

Personopplysningslova krev at alle opplysningar om medlemmer blir samla inn med samtykke og blir oppbevart trygt. Dette betyr at lokallaga må sikre og følgje opp medlemsopplysningane sine i det sentrale medlemsregisteret.

Lokallaga må sikre at dei har ein ansvarleg for oppdatering av medlemsopplysningar, og at desse berre er tilgjengeleg for dei som treng slik tilgang.

Sentral innkrevjing

Utvalet vil foreslå at det blir innført sentral innkrevjing som ei frivillig ordning for lokal- og fylkeslag.

3. Kontingentutvalet

Landsmøtet 2019 bad styret om å setje ned ei nemnd som skal sjå på nye kontingentmodellar og satsar for Noregs Ungdomslag. Førabels innstilling skal leggjast fram for landsrådet i 2020, og skal vidare ut på høyring i lokal- og fylkeslag i organisasjonen før endeleg innstilling blir lagt fram for landsmøtet 2021.

Mandat

- Sjå på ev. ny kontingentmodell
- Sjå på nye satsar for NU – etter både eksisterande modell og ev. nye modellar
 - Utvalet bør òg sjå på kontingentane i fylkeslaga
- Sjå på moglegheit for sentral innkrevjing
 - Vurdere fordelar og ulemper
- Arbeidet med ny kontingentmodell bør sjåast i samanheng med kontingentsatsar og modellar i andre likande organisasjonar t.d. Frilynt, NATF, FolkOrg, Røde Kors, Husflidslaget, 4H, Bygdeungdomslaget o.l.
 - Utvalet skal gjere greie for fordelar og ulemper ved ulike modellar
- Utvalet skal gjere greie for dei økonomiske konsekvensane for NU sentralt ved ev. omlegging til ny modell, i samarbeid med kontoret
- Generalsekretær er skrivar for utvalet

- Utvalet kan vurdere om dei skal sjå på om ulike kontingent-/innkrevjingsmodellar påverkar oppfølginga og etterlevinga av GDPR-regelverket.
- Kontoret vil hjelpe utvalet med innsamling av og arbeid med faktagrunnlag
- Ei endring av kontingentmodell og satsar skal ikkje gå utover inntektsgrunnlaget til NU sentralt i vesentleg grad.
- Utvalet kan legge opp til to fysiske møte i løpet av perioden i tillegg til å møte på landsrådsmøtet i oktober 2020. Om utvalet meiner dei treng fleire fysiske møte, må dette opp i styret.

Medlemmer

Styret i NU oppnemnde følgjande medlemmer:

Terje Svindseth (leiar) – organisatorisk nestleiar i NU og styreleiar i BUL Oslo
 Borghild Løver, Vest-Agder Ungdomslag
 Christoffer Knagenhjelm, Sogn og Fjordane Ungdomslag
 Oddvar Eriksen, Troms Ungdomsfylking
 Alf Steinar Nekstad, organisasjonskonsulent NU-kontoret

Tidsplan

Arbeidsutvalet i NU fastsette denne planen, som seinare er revidert av utvalet pga korona-situasjonen.

- Januar 2020: Utval blir utnemnd av styret
- April 2020: Landsmøte i NU – Utvalet orienterer om arbeidet (orienteringa vart gitt på landsmøtet i september.
- Oktober 2020: Førebels innstilling til landsrådsmøtet (endra til utsending av rapport)
- Oktober-januar: Høyringsrunde i lokal- og fylkeslag (endra til november-januar)
- Februar: Utvalet si endelege innstilling blir levert styret
- Mars: Styret sender si innstilling saman med sakspapira til landsmøtet
- April: Landsmøte i NU

Arbeidsmetode

- Utvalet har ikkje møttest fysisk, men berre hatt Teams-møte, om lag ein gong pr månad.
- Kontoret har innhenta informasjon frå ulike organisasjonar.
- Utvalsmedlemmene har henta inn informasjon frå lokal- og fylkeslag
- Utvalsleiaren har samanstilt informasjonen.
- Utvalet har hatt diskusjonar basert på framkomen informasjon og erfaringar til medlemmene.

4. Kontingentsatsar

NU sentralt

Medlemmer via lokallag/fylkeslag

- Lagskontingent på 1.200 kr
- 95 kr pr. medlem under 26
- 190 kr pr. medlem over 26 år

Direktemedlemmer (om lag 7-14 personar)

- 150 kr under 26 år
- 300 kr over 26 år

Totale kontingentinntekter til NU sentralt er omlag 2,5 mill. kr for om lag 13.500 medlemmer

Kontingentutrekning

- Kontingenten tek utgangspunkt i medlemstalet som er registrert i Hypersys
- Grunnlaget er medlemstalet to år tilbake. Grunnen er at mange lag registrerer medlemmar svært seint, gjerne om hausten for føregåande år, t.d. i august 2019 for medlemmer i 2018.
- Kontingenten blir kravd inn om våren.

Fylkeskontingentsatsar

Fylkeslag	Lagskontingent	Over 26 år	Under 26 år
Vest-Agder		70	0
BLS		50	0
Rogaland Ungdomslag		50	30
Hordaland UL		40	20
Sogn og Fjordane Ungdomslag		35	15
Troms Ungdomsfylking	500	25	10
Nordland Ungdomsfylking		20	10
Sunnmøre Frilynde Ungdomssamlag		20	10
Nordmøre og Romsdal Ungdomslag	120	19	9
Telemark Ungdomslag	120	19	9
Oppland		10	5
Eidsiva	1000	0	0
Inn-Trøndelag		0	0
Naumdøla		0	0
Oppland		0	0
Sør-Trøndelag		0	0
Varden		0	0

Fylkeslag	Lag ≤ 30 medl.	Lag > 30 medl.	Direktemedl.
Aust-Agder	700	1400	350

Lokallagskontingentar

Det er stor forskjell på lokallaga sine kontingentsatsar, og vi kan difor ikkje gjere ei opplisting av desse.

Det er eitt krav til kontingenten, som er fastsett av staten sitt Fordelingsutval.

Minimumskontingenten skal vere 50 kroner for kvar medlem.

Medlemsstatistikk


Medlemstal i lokallaga

I gjennomsnitt har eit lag 44 medlemmer. Det er fleire lag som ikkje har registrert medlemmer, og det største laget har 677 medlemmer. Difor seier ikkje eit gjennomsnittstal så mykje om kor store laga er.


Halvparten av laga har færre enn 37 medlemmer (medianen)

- 9% (29 lag) har ingen medlemmer
- 25% (78 lag) har opp til 15 medlemmer
- 40% (120 lag) har under 25 medlemmer
- 75% av laga har færre enn 60 medlemmer

- 8% av laga (24) har fleire enn 100 medlemmer



Figur 1 Gruppering av lag etter medlemsstorleik. 62% av laga har under 50 medlemmer.



Figur 2 Gjennomsnitt tal medlemmer etter storleiken på laget. Lag med opp til 15 medlemmer har 2 under 26 år og 8 over 26 år.

Aldersfordeling

Om lag 37% av medlemmene er under 26 år

Om lag 8.500 medlemmer er over 26 år

Om lag 5.000 medlemmer er under 26 år

Dei minste laga har færrest medlemmer under 26 år

Kontingentstatistikk


Gjennomsnittleg kontingent etter storleik

Tabellen viser tal for 300 lag, med 13.324 medlemmer.


I gjennomsnitt betaler eit lag 8.180 kr i kontingent. Lag utan registrerte medlemmer betaler 2.246 kr. Det er fordi det skal vere minimum fem medlemmer i eit lag, og sjølv om det ikkje er registrert medlemmer så blir desse fakturert for fem personar i tillegg til lagskontingenten på 1.200 kr.

Dei minste laga, med opp til 15 medlemmer, betaler i snitt 3.000 kr. Det største laget betaler vel 96.000 kr for 677 medlemmer.


Medlemstal	Tal lag	Medlemmer	Gj.snitt medl. u/26	Gj.snitt medl. o/26	Gj.snitt medl.tal	Gj.snitt kontingent	Total kontingent	Snittkontingent pr medl.
▶ 0 medl.	28	0	0	0	0	2 246	62 900	
▶ 1-15 medl.	48	490	2	8	10	3 001	144 065	361
▶ 16-25 medl.	42	828	4	16	20	4 552	191 190	233
▶ 26-49 medl.	95	3 429	12	25	36	6 958	661 010	194
▶ 50-99 medl.	64	4 511	29	41	70	11 837	757 570	169
▶ 100-149 medl.	14	1 681	54	66	120	18 884	264 370	157
▶ 150-299 medl.	8	1 708	76	138	214	34 581	276 645	164
▶ Over 300 medl.	1	677	353	324	677	96 295	96 295	142
Totalt	300	13 324	16	28	44	8 180	2 454 045	221



Figur 3 Viser gjennomsnittleg kontingentbeløp etter lagsstorleik



Figur 4 Viser total kontingentbeløp pr lagsstorleik



Figur 5 Viser gjennomsnittsbøp pr medlem etter lagsstorleik

Figur 5 viser kontingent pr medlem etter kor store laga er. I eit lag med mellom 1-15 medlemmer er gjennomsnittskontingenten pr medlem heile 361 kr. Det skuldast at det er at lagskontingenten på 1.200 kr blir fordelt på få medlemmer. Til fleire medlemmer eit lag har til mindre betyr denne lagskontingenten.

I snitt betaler eit lag om lag 160-190 kr pr medlem til NU.

Kontingent i andre organisasjonar

Vi har henta inn informasjon om kontingentsatsar i andre organisasjonar. Samanlikninga viser at NU har ein låge sentrale satsar.

4H

4H har sentral innkrevjing. Halvparten av kontingenten går til sentralledet og halvparten går til lokallaga.

Type	Beløp
Hovudmedlem	600
Søskenmedlem	300

Noregs Husflidslag

Dei har sentral innkreving, og landsmøtet bestemmer både sentral og lokal sats

Type	Beløp	Til fylkes- og lokallaget
Hovudmedlem	640	255
Under 26 år	160	80
Husstand	440	
Æresmedlem	420	

Forbundet Kysten

Type	Beløp	Til lokallaget
Hovudmedlem	500	150
Barn	150	50
Husstand	75	
Æresmedlem	420	

Norges Bygdeungdomslag

Har sentral innkrevjing

Type	Beløp
Ordinær	300
Nyinnmelding	320
Støttemedlem	500
Æresmedlem	420

Alternative kontingentmodellar

Kontingentutvalet har sett på tre alternative kontingentmodellar.

- Flat kontingent
 - Flat sats med uendra totalinntekt
 - Flat sats med redusert kontingent (tilsvarande Frilynt)
- Redusert kontingent
 - Vaksne frå kr 190 til kr 100 pr medlem
 - Under 26 år frå kr 95 til kr 50 pr medlem
- Intervallkontingent (trappetrinnsmodell)
 - Stigande kontingent ved stigande medlemstal

Det er har vore ein føresetnad i mandatet at totalinntektene til NU ikkje skal bli vesentleg redusert. Det er vanskeleg å seie noko om korleis laga vil reagere på endring av kontingentsystemet. Ei endring kan føre til at medlemmer som er aktive, men ikkje blitt registrert, no blir registrert. Det kan også hende at fleire melder seg inn.

Vi har ikkje teke omsyn til slike effektar, men reknar på endring i inntekter basert på uendra medlemstal.

Flat kontingentsats 1 – uendra totalinntekt

Dersom NU skal ha uendra inntekter på 2,4 mill. kroner så må 300 laga betaler 8.180 kr kvar. Dette vil bety ein svært stor oppgang for dei små laga, og veldig stor nedgang for dei store laga. Dei aller minste må ut med over 5000 kr meir.

Tabellen nedanfor viser endringa i medlemskontingenten. Lag utan registrerte medlemmer må betale nær 6000 kr meir, medan lag med 1-15 medlemmer må betale knappe 5200 kr meir.

Det største laget, BUL Oslo får ein nedgang på 88.000 kr.

Medlemstal	Tal på lag	Gjennomsnitt		Sum kontingent		Endring i	
		medlemer	i dag	Flat kontingent	Differanse	kontingent pr lag	
▶ 0 medl.	28	0	62 900	229 044	166 144	5 934	
▶ 1-15 medl.	48	10	144 065	392 647	248 582	5 179	
▶ 16-24 medl.	42	20	191 190	343 566	152 376	3 628	
▶ 25-49 medl.	95	36	661 010	777 114	116 104	1 222	
▶ 50-99 medl.	64	70	757 570	523 530	-234 040	-3 657	
▶ 100-149 medl.	14	120	264 370	114 522	-149 848	-10 703	
▶ 150-300 medl.	8	214	276 645	65 441	-211 204	-26 400	
▶ Over 300 medl.	1	677	96 295	8 180	-88 115	-88 115	
Totalt	300	44	2 454 045	2 454 045	0	0	

Dette er ikkje ein rettferdig modell og vil ikkje vere gjennomførleg.

Flat kontingentsats 2 – "Frilynt-modellen"

Frilynt Norge har ein modell der alle laga betaler 4000 kr uavhengig av kor mange medlemmer det er i lokallaget.

Dersom NU går for denne modellen så vil dei totale inntektene går ned med 1,2 millionar kroner.

Denne modellen betyr at alle lag får lågare kontingent, med unntak av dei minste. Lag utan medlemmer får 1.700 kr høgare kontingent, og lag med opp til 14 medlemmer får om lag 1.000 kr i høgare kontingent. Alle andre lag skal betale mindre.

Denne modellen er heller ikkje mogeleg å gjennomfør fordi aktiviteten til NU må reduserast vesentleg.

Det som kan kompensere eit inntektsbortfall på 1,2 mill. kr er ein vesentleg auke i medlemstal, ev. at ein auke i medlemmer under 26 år, som igjen kan auke det statlege tilskotet.

Medlemstal	Tal på lag	Gjennomsnitt medlemstal	Sum kontingent i dag	Flat "Frilynt"-kontingent	Differanse	Endring i kontingent pr lag
▶ 0 medl.	28	0	62 900	112 000	49 100	1 754
▶ 1-15 medl.	48	10	144 065	192 000	47 935	999
▶ 16-25 medl.	42	20	191 190	168 000	-23 190	-552
▶ 26-49 medl.	95	36	661 010	380 000	-281 010	-2 958
▶ 50-99 medl.	64	70	757 570	256 000	-501 570	-7 837
▶ 100-149 medl.	14	120	264 370	56 000	-208 370	-14 884
▶ 150-300 medl.	8	214	276 645	32 000	-244 645	-30 581
▶ Over 300 medl.	1	677	96 295	4 000	-92 295	-92 295
Totalt	300	44	2 454 045	1 200 000	-1 254 045	-4 180

Halvvert kontingent

I denne modellen ser vi på effekten av ei halvering av satsane

- Vaksne: Reduksjon frå 190 kr til 100 kr pr medlem
- Under 26: Reduksjon frå 95 kr til 50 kr pr medlem (50 er minimumssatsen)

Her vil , ikkje overraskande, totalinntektene blir redusert frå 2,5 mill. kr til 1,5 mill. kr Alle lag får redusert kontingent, men vi må altså kompensere inntektsbortfallet på 1 mill. kr.

Utfordringa er altså som ved Frilynt-modellen at det må kome ein vesentleg auke i medlemmer. Dersom det kjem veldig mange nye under 26 år vil dette gi auka støtte frå staten.

Medlemstal	Tal på lag	Gjennomsnitt		Sum kontingent		Endring i	
		medlemstal	i dag	Halv kontingent	Differanse	kontingent pr lag	
▶ 0 medl.	28	0	62 900	62 900	0	0	0
▶ 1-15 medl.	48	10	144 065	105 950	-38 115	-794	-794
▶ 16-25 medl.	42	20	191 190	124 500	-66 690	-1 588	-1 588
▶ 26-49 medl.	95	36	661 010	401 900	-259 110	-2 727	-2 727
▶ 50-99 medl.	64	70	757 570	435 100	-322 470	-5 039	-5 039
▶ 100-149 medl.	14	120	264 370	147 100	-117 270	-8 376	-8 376
▶ 150-300 medl.	8	214	276 645	150 150	-126 495	-15 812	-15 812
▶ Over 300 medl.	1	677	96 295	51 250	-45 045	-45 045	-45 045
Totalt	300	44	2 454 045	1 478 850	-975 195	-3 251	-3 251

Trappetrinnsmodell

Her ser vi på ein trappetrinnsmodell der lag som ikkje har registrert medlemmer betaler 3000, og så går det oppvoer opp til lag som har meir enn 180 medlemmer:

- 3.000 kr for lag utan medlemmer,
 - 2.500 kr for 1-9 medlemmer,
 - 3.000 kr for 10-15 medlemmer,
 - 4.000 kr for 16-24 medlemmer
- osb.
- 35.000 kr for fleire enn 180 medlemmer

Fordelen med eit slikt system er at det ikkje blir vesentleg dyrare å få fleire medlemmer, men at dei laga som ligg på grensa for ei trinn, vil kunne eit hopp i kontingentinntekter, deretter blir det ikkje dyrare før laget når neste trinn.

Konsekvensen av denne modellen er at totalinntektene blir redusert frå 2,5 kr til 2,2 mill. kr, altså om lag 300.000 kr. Dette er ein reduksjon som truleg kan handterast innanfor innanfor eit ordinært budsjett.

Nesten alle får uendra eller lågare kontingent bortsett frå enkelte store lag som har mange medlemmer under 26 år.

Medlemstal	Tal på lag	Gjennomsnitt		Sum kontingent		Endring i	
		medlemstal	i dag	Intervallkontingent	Differanse	kontingent pr lag	
▶ 0 medl.	28	0	62 900	84 000	21 100	754	754
▶ 1-15 medl.	48	10	144 065	135 000	-9 065	-189	-189
▶ 16-25 medl.	42	20	191 190	171 000	-20 190	-481	-481
▶ 26-49 medl.	95	36	661 010	585 000	-76 010	-800	-800
▶ 50-99 medl.	64	70	757 570	637 000	-120 570	-1 884	-1 884
▶ 100-149 medl.	14	120	264 370	280 000	15 630	1 116	1 116
▶ 150-300 medl.	8	214	276 645	240 000	-36 645	-4 581	-4 581
▶ Over 300	1	677	96 295	60 000	-36 295	-36 295	-36 295
Totalt	300	44	2 454 045	2 192 000	-262 045	-873	-873

Kompensere inntektsbortfall

Vi får støtte frå staten ut frå kor mange medlemmer vi har under 26 år, kor mange kurs vi har og kor mange som er med på sentrale kurs

I 2020 fekk vi 1,475 mill. kr frå fordelingsutvalet. Det er 296 kr pr. medlem

For å kompensere eit inntektsbortfall på 1 mill. kr må vi ha 3.378 nye medlemmer under 26 år. Dette er ikkje veldig sannsynleg.

Ny personopplysningslov

Bakgrunn og regelverk

- I 2018 kom det ny personopplysningslov (inkl. GDPR*)
- Denne handlar om innsamling og bruk av personopplysningar
- Alle ungdomslag er omfatta av regelverket og må ha full oversikt over korleis personopplysningar blir behandla, og dokumentasjon av dette
- Det krev eit medlemsregister som oppbevarer opplysningane trygt, og dokumenterer faktisk medlemsskap

Medlemmer i eit lokallag i NU er du òg medlem i NU. Både lokallaget og NU sentral treng personopplysningar for å ha oversikt over og nå ut til medlemmene med informasjon.

Det blir registrert opplysningar om kjønn, namn, adresse, telefonnummer, fødselsdato og e-postadresse.

Desse opplysningane er grunnlag for å rapportere på medlemstal for å ta imot offentleg tilskot til drift av organisasjonen. Dei som melder seg inn samtykker til at organisasjonen brukar personopplysningar til medlemsinformasjon, medlemsblad, nyheitsbrev, invitasjonar til arrangement med meir.

Alle medlemmer har ein profil i medlemsregisteret Hypersys, der det er det er mogeleg å administrere samtykke. <https://ungdomslag.hypersys.no>

Fordi NU og lokallaga hentar inn og handsamar personopplysningar er vi underlagt Lov om behandling av personopplysningar. <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2018-06-15-38?q=personopplysningsloven>

Det er strenge reglar for handsaming av personopplysningar. Desse er gjort greie for på nettsidene til Datatilsynet. <https://www.datatilsynet.no/rettigheter-og-plikter/virksomhetenes-plikter/informasjonsikkerhet-internkontroll/>

Her står det mellom anna:

Personopplysninger skal beskyttes tilfredsstillende. Samtidig skal de være tilgjengelige for de som trenger dem – når de har behov for dem.

Virksomheter som behandler personopplysninger skal kunne dokumentere og demonstrere at de behandler opplysningene i tråd med [personvernprinsippene](#). Det gjøres ved å etablere og vedlikeholde tiltak for å sikre at personopplysningene behandles i samsvar med regelverket, det vil si en internkontroll.

Personvernprinsippa seier at

- Det må vere lovleg å samle inn opplysningane (det er det for ein organisasjon)
- Opplysningane skal nyttast til formålet og det må vere klart for alle partar kva dette er
- Det skal ikkje samlast inn meir informasjon enn nødvendig
- Opplysningane skal vere rette
- Opplysningane skal slettast når dei ikkje lenger er nødvendig for føremålet
- Opplysningane skal handsamast konfidensielt og ikkje delast med andre enn nødvendig
- Den som har ansvar må også ta ansvar og sette i verk alle nødvendige tiltak for å oppfylle regelverket.

For kunne oppfylle krava er det nødvendig å etablere internkontrollsystem og sikre at opplysningane kjem i hende på nokon som ikkje skal ha dei.

<https://www.datatilsynet.no/rettigheter-og-plikter/virksomhetenes-plikter/informasjonsikkerhet-internkontroll/etablere-internkontroll/>

Konsekvensar for NU og lokallag

GDPR-regelverket legg sterke føringar for korleis persondata skal samlast inn og oppbevarast. Opplysningane må samlast inn og lagrast sikkert, og det må vere klart for medlemmene at dei har gitt samtykke til at desse opplysningane kan samlast inn. Kvar medlem skal enkelt kunne få tilgang til opplysningane og trekke eit ev. samtykke tilbake.

For å oppfylle krava er det nødvendig å ha eit system for registrering, samtykke og kontroll av tilgang.

Det er ikkje godt nok at eit lokallag samlar inn medlemsopplysningar i eit excel-ark som blir lagra på ein privat pc. Det vil ikkje sikre medlemmane tilgang til å kunne kontrollere opplysningane og vere sikre på at dei blir sletta når medlemmen ber om det.

Gjennom eit felles medlemssystem, som Hypersys, kan NU sikre at både NU sentral og lokal- og fylkeslag oppfyller krava i personopplysningslova. NU må då sikre at leverandøren av systemet oppfyller krava og sikring av data.

Dette betyr også at lokallaga må halde registeret oppdatert med korrekte data, endre og slette det som er feil, og til ei kvar tid halde informasjon om verv oppdatert.

Sentral innkrevjing

Sentral innkrevjing betyr at NU sentral sender ut betalingskrav til kvar medlem, og all innbetaling skjer til ein felles, sentral konto.

NU sentralt vil så fordele og betale ut kontingentbeløp til lokallaget, fylkeslaget og NU.

For at dette skal kunne fungere må alle lokallag og fylkeslag halde det sentrale medlemssystemet oppdatert med korrekte kontingentsatsar.

Det er også nødvendig at det blir etablert eit enkelt system for registrering og betaling, som er kopla direkte mot medlemsregisteret. Dette systemet må også vere enkelt tilgjengeleg for lokale tillitsvalde, som kan følgje opp at medlemmane har betalt. Det må også vere enkelt å kunne logge seg inn slik at kvar medlem kan gå inn og endre eller slette opplysningar om seg sjølv, og sjekke betalingsstatus.

Fordelar

- Lokallaga treng ikkje å etablere egne system for innkrevjing
- Innmelding og betaling kan gjerast frå ei felles, sentral innmeldingsside der medlemmen også kan velje betalingsalternativ
- Det er mogeleg å tilby mange betalingsmåtar; faktura, e-faktura, Vipps, avbetaling (Klarna), m.m.
- Lokallaga vil spare administrasjon for innkrevjing, oppfølging og rapportering
- Kan sikre meir korrekt oppdatering av medlemstal, ettersom all registrering skjer gjennom eit felles system

Ulemper

- Kan vere vanskelegare å tilpasse til lokale tilhøve
- Kan gjere at medlemmer som er aktive, men ikkje ønskjer å betale, ikkje betaler gjennom systemet

Framlegg

Utvalet foreslår at det blir innført ei ordning med sentral innkrevjing, som lokal- og fylkeslaga kan knytte seg til.

Dersom denne ordninga er vellykka, så bør det vurderast om ordninga skal innførast for alle lag.